

Møtereferat

Styremøte 07.04.14

Møtet vart halde på Instedalen skule, kl 19:30

Desse møtte: Normund Svoen, Odd Vonen, Gudmund Eimhjellen, Arne Dvergsdal, Kjell Klopstad.

Saker

1. Oppsummering etter årsmøtet.

Leiar orienterte.

2. Konstituering av styret.

Styret gjorde slikt vedtak:

Nestleiar: Odd Vonen

Skrivar: Kjell Klopstad

Styremedlemar: Gudmund Eimhjellen, Arne Dvergsdal

Karen Marie Eldevik Svoen har teke på seg kasserararbeidet.

3. Rapport om fiskeforvaltning i Vonavatnet.

«Rådgivende Biologer» har gjort fiskeundersøking og ei grundig vurdering av kultiveringiltak i Vonavatnet. Det ligg no føre ein rapport som styret legg til grunn som den biologiske delen av ein framtidig driftsplan for Vonavatnet. Det viktigaste kultiveringstiltaket som er tilrådd er stor utfisking med garn.

Styret drøfta saka og tek sikte på å kome i gang dette året. Leiar får i oppdrag å søkje om «Dialogmidlar» til innkjøp av garn.

4. Avgiftsordning på parkeringsplassen ved Vonavatnet.

På årsmøtet kom det fram synspunkt på om medlemmer i Utmarkslaget skal få fritak for parkeringsavgift.

Styret gjorde slikt vedtak:

Det vert ein fribillett til kvar gards-og bruksnummer som er ført som medlem i Utmarkslaget.

Vedtaket vart gjort mot 2 røyster som ville halde på dagens ordning med at alle betalar parkeringsavgift.

5. Hengebrua ved utosen av Vonavatnet, vidare framdrift.

Leiar har hatt møte med grunneigarane og fått løyve til at laget kan gå vidare med planlegging. Det er sett eit ufråvikeleg krav at brua ikkje skal nyttast til drifting av husdyr og til motorisert ferdsel.

Leiar har også vore i kontakt med kommunen, og det ligg føre skisser og synspunkt frå Arne Kringlen i kommunen.

Før det vert gjort prosjektering vil styret synfare den aktuelle plassen.

Normund Svoen leiar det vidare arbeidet, og søker m.a om midlar til prosjektering.

6. Vegen til Nesstølen.

Spørsmål om Utmarkslaget skal engasjere seg.

Styret legg til grunn at dette er i hovudsak eit næringsprosjekt som må drivast fram av næringsinteressene i området. Styret ser likevel positivt på ei evt. realisering og vil gjerne vere samarbeidspart i det vidare arbeidet.

7. Stien frå parkeringsplassen ved Vonavatnet og til inste enden av vatnet.

Arne Dvergsdal tek på seg å stikke stiløype i samarbeid med LVO- forvaltar.

8. Småviltprosjektet.

Gudmund Eimhjellen, som har saksansvaret, orienterte om status og framdrift. Det endelege målet er å få i stand ein forvaltningsplan/driftsplan I dette er det nødvendig å få eit samarbeid mellom fleire aktørar; Dirnat, kommunane, ØNU, NJF o.fl.

9. Brygga ved Vonavatnet.

Det viser seg vanskeleg å få finansiering til opprusting av brygga gjennom fondet for LVO.

Det vert teke sikte på å finne finansiering gjennom kommunale og statlege ordningar for næringsstøtte.

Odd Vonen og Kjell Klopstad er ansvarleg for framdrift.

10. Fiske-, båt- og parkeringssesongen 2014.

Ansvar for:

- a. Båtar på plass: Gudmund og Arne
- b. Fiskekort i kassar: Gudmund
- c. Parkeringskort i kasse ved park.plass: Normund
- d. Innkjøp av garn: Normund

Ref: K. Klopstad